

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte:	6/2014
Tid:	Fredag 7. november kl. 09:00 – 14:30
Stad:	Meland rådhus, formannskapssal

Til stades:

Ordfører:	Jon Askeland, Knut Moe, Nils Marton Aadland, Astrid A. Byrknes, Hallvard Oppedal, Per Lerøy, Marit Steinestø (varaordfører Masfjorden), Jarle Skeidsvoll (varaordfører Osterøy)
Rådmenn:	Odd Ivar Øvregård, Vidar Bråthen, Øivind Olsnes, Jarle Landås, Ingvild Hjelmtveit (frå 51/14), Reidun Halland (47-55/14)
NUI:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss, Bjørg Rydland
Andre:	Stein Byrkjeland og Julie Andersen (49/14) , Arne Åsan (50/14), Børge Brundtland (51/14)
Forfall:	Kari Aakre, Kristin Handeland, Karstein Totland, Svein Helge Hofslundsengen, Jan Olav Osen

Sak 47/14	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 48/14	Godkjenning, møteprotokoll møte 5/2014 Møteprotokollen frå møte 5/2014 vart godkjent utan merknadar. Nils Marton Aadland viste til at Regionrådet på møtet 2. september på Scandic hotell Ørnen bestemte at varaordfører og opposisjonsleiar burde vera med på neste møte i Regionrådet. Jon Askeland kommenterte at det har vore vurdert, men at det ikkje var naturleg å ha det på dette møtet. Rune Heradstveit viste til fleire e-postar som var sendt ut om dette – og der det var bedt om tilbakemelding både i forhold til eit utvida Regionråd og til planlagt Nordhordlandsting den 18. november. Dessverre kom det lite tilbakemelding på innhald, og i tillegg viste det seg at det var møtekollisjonar i forhold til tinget 18. november. Vidare ønskte fleire ordførarar å skyva eit utvida møte samt Nordhordlandstinget til eit seinare tidspunkt.
Sak 49/14	Informasjon – marint vern av Lurefjorden med Lindåsosane Stein Byrkjeland, Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga informerte om oppstartsmelding om marint vern av Lurefjorden, og kva vern vil innebera. Han hadde med seg prosjektansvarleg Julie Andersen. Lurefjorden er eit av kandidat område til marint vern i Norge no. Lurefjorden er heilt spesiell i Norge og verda. Den har særpreg som ein ikkje finn andre plassar. Dersom ein skal jobbe for at Lurefjorden skal oppnå marint vern må det ha ein lokal forankring. Vern kan føra til forbod mot: <ul style="list-style-type: none"> ▪ taretråling – men ikkje noko stor sak for dette området ▪ Forbod mot uttak av skjelsand – ikkje noko problem ▪ botntrål ▪ framtidige leidningar på botnen? ▪ utslepp til fjorden ▪ moloar? Småbåthamner? Alle slike forbod vil bli sendt ut på høyring . Bygging i strandsona vert som før regulert av PBL.

	<p>Vern vil ikkje føra til:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ at privat eigedom vert råka ▪ regulering av båttrafikk ▪ endring for fritidsfiske (vil vera som før) ▪ at eksisterande akvakultur vert påverka <p>Fylkesmannen ønskjer å få tilbakemelding frå regionen. Det vart stilt nokre spørsmål frå salen. Byrkjeland kan ikkje sjå at dette får noko praktisk betyding for planarbeidet i kommunane. Når det gjeld framtidige kablar frå BKK, så må dei søkja om dette.</p> <p>Regionrådsleiar peika på at det vil vera viktig å gjennomføra prosessen på ein god måte med lokalt engasjement og eigarskap. Det er viktig at lokalbefolkninga opplever det som ein meirverdi. Det er derfor viktig med informasjon og openheit. Byrkjeland lova å få til ein god prosess og med god informasjon ut til kommunane.</p> <p>Fylkesmannen stiller gjerne opp og gjev informasjon til kommunestyra eller andre fora dersom kommunane ynskjer det.</p>
<p>Sak 50/14</p>	<p>Tannhelsa – klinikkstrukturplan Hordaland 2015-2030.</p> <p>Fylkestannlege Arne Åsan informerte om klinikkstrukturplan Hordaland 2015-2030. Presentasjon vedlagt.</p> <p>Det er behov for å sjå på klinikkstruktur i eit meir langsiktig perspektiv enn 4 år – og ein har derfor sett på det i eit perspektiv på 15 år. Han peika på at dei organisasjonane som lever lengst og best, er dei som klarer og endra seg i takt med endringane i samfunnet. Ein har i dag 56 tannklinikkar og 39 av desse er i dagleg bruk. 30 behandlingsrom som står rundt i fylket er nesten ikkje i bruk. Intervallet for innkalling til skuletannlegge m.v. er i dag i hovudregel kvart andre år, han meinte derfor at belastning som t.d. foreldrekøyring m.v. ikkje er veldig stor.</p> <p>Åsan gjekk gjennom dei viktigaste punkta i lovverket, og korleis ein ynskjer å organisera klinikkstrukturen vidare. Forslaget er administrativt og bygger på eit fagleg grunnlag.</p> <p>Hovudargumenta i planen:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Klinikkstrukturplanen følgjer «Regional plan for attraktive sentre i Hordaland» ▪ Ambulering for tannhelsepersonell må av omsyn til stabilitet, reduserast til eit minimum. ▪ Større fagleg fellesskap – betre fagleg og større stabilitet ▪ Legga til rette for at klinikkar kan ta i mot studentar i praksisperiode – t.d. må «EØS-tannlegen» arbeide under rettleiing i eitt år ▪ Avstand til skular betyr mindre enn avstand til helseinstitusjonar ▪ Infrastrukturen i fylket har endra seg ▪ Kommunane sin vilje til subsidiering skal ikkje telja ▪ Ein times reiseavstand er akseptabel (for dei fleste er det eit besøk 2. kvart år) <p>Åsan viste til at planlagt klinikk i Knarvik (i helsehuset) ville bli blant dei største i fylket med 14 behandlingsrom, og at det vil få eit TOO-team som er knytt mot personar med angst m.v., Det vil vera psykolog knytt til kontoret.</p> <p>Spørsmål og debatt:</p> <p>Per Lerøy peika på at han ser at dette vert ein moderne tannklinik m.v., men at planen set tannlegane i sentrum og ikkje pasientane. Den rammer mest dei svake, og fører til at foreldre skal bruka tid på køyring. Den fører også til at legar og anna personell må bruka tid på ditt og datt – t.d. rekvisisjonar. Planen kolliderer også med andre planar som fylkeskommunen har ansvaret for som t.d. miljø og transport. Mongstad er kanskje det mest interessante næringsområde i landet med i dag over 3000 arbeidstakarar, og så skal ein ikkje ha tannlegeteneste i nærleiken!</p>

	<p>Nils Marton Aadland peika på at faktagrunnlaget ikkje stemmer ikkje når det gjeld vekst, og viste til at Meland i aldersgruppa 0-9 år får halvparten av veksten dei neste åra. Pasientar frå fire skular har i dag gangavstand til klinikken. Han meinte at planen er prematur, og at dette må sjåast i samband med arbeidet med kommunereforma og dei endringane dette vil medføra i forhold til oppgåvefordeling mellom kommunar og fylkeskommune.</p> <p>Astrid Aarhus Byrknes lurte på kven som skal bestemma transportbehov, og korleis ein skal sjå legetenesta i samband med tannlegetenesta? Ho lurte på om ein ikkje kunne utsetja planen?</p> <p>Jon Askeland mislikar sentraliseringa. Ein bør sjå på andre alternativ med å kunne tilby dei eit fagleg miljø. Kan ein minimum ha ein tannpleiar lokalt? Kan ein ha samarbeid med private?</p> <p>Knut Moe meinte det var eit skilje mellom det fylkestannlegen står for (fagmiljø) og det ordførarar ynskjer (nærleik). Ein opplever no at alle faginstansar brukar same type argument på alle typar teneste, og dermed misser utkantane tenester. Moe vil tilrå at planen vert lagt på is nokre år.</p> <p>Vidar Bråthen peika på at fylkeskommunen skal fanga opp breidda som kommunen representerer, og at dei derfor også må vurderer den tida og dei ressursar t.d. foreldre må bruka på køyring.</p> <p>Odd Ivar Øvregård meinte at hovudutfordringa er å finna ei tilpassing som er langsiktig. Det beste du kan gjera for å overleva er å forma samfunnet. Hovudårsaka ved sentralisering er som regel økonomi. Trur at kommunane vil overta tannhelsetenesta også.</p> <p>Svar frå fylkestannlegen:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ han vil fylgja opp problemstillingar rundt transport og rekvisisjonar og NAV (jf. spørsmål frå Lerøy). ▪ transport er regulert gjennom tannhelselova og at fylkeskommunen skal dekkja transport etter vedtatt forskrift. Hordaland brukar Helfo sine retningslinjer. Taxisjåføren leverer sin kvittering, men tek ein eigenandel. Han tenkjer vidare at avstanden mellom Frekhaug og Knarvik ikkje er så stor, og at det viktigast er å ha eit helsefagleg miljø. Det er ikkje gjort berekningar kva auka kostnader med transport vil medføra. ▪ ein har i dag avtale med tre private tannleger. Dette må i såfall på anbod – og leggst til den som er fagleg dyktigast. Då må dei private fylgja akkurat same retningslinjer som offentleg tannleger t.d. vedr oppfylgning av ikkje møtt m.v. ▪ han viste til avtale med tannlege i Knarvik som reiser til Modalen, og han kunne ikkje garantera at nokon søker på slik stilling i framtida. ▪ han la ikkje skjul på at det også er økonomisk aspekt i det, men at det faglege absolutt er det viktigaste. <p>Jon Askeland oppsummerte med at det var kome fram fleire argument, og at kommunane kvar for seg vil koma med høyring. Høyringsfrist er 15. desember. Regionrådet ønskjer å gje ein felles uttale på vegne av regionen. Administrasjon får i oppdrag å laga eit utkast til ein uttale til neste møte i Regionrådet.</p>
<p>Sak 51/14</p>	<p>Industriutvikling Vest AS. Inkubatoren, arbeidsmetodar og prosjekt</p> <p>Børge Brundtland, dagleg leiar i Industriutvikling Vest, informerte om inkubatoren. Presentasjon vedlagt.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Industriutvikling Vest har om lag 2,5 årsverk. Styreleiar er Gunnar Owe Gundersen som til dagleg er leiar for alle forsyningsbasane til Statoil. Dette er ein stor styrke for selskapet. ▪ Hovudformål er forretningsutvikling; idétilsig, kvalifisering, utveljing, program og

	<p>overlevering.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Det er tre hovudoppgåver: Grüdere (25%), verksemder med vekstpotensial (50%) og fellestilltak (25%) <p>Brundtland peika på at det er for liten lokal aktivitet knytt til teknologiutvikling og forskning. Ein må få til – og ta eigarskap lokalt. For mange eigarar har i dag hovudkontor heilt andre stader.</p> <p>Han var vidare tydeleg på at ein må bli flinkare til å snakka saman i regionene – og jobba saman i prosjekt.</p> <p>Astrid Aarhus Byrknes synest det har skjedd ei veldig positiv utvikling med selskapet frå starten og fram til i dag. T.d. har næringslivet fått ein kontakt inn mot det offentlege. Me burde imidlertid prøva å skapa eit engasjement i Bergen – og få politikarar og næringslivet i Bergen ut til oss.</p> <p>Jarle Skeidsvoll lurte på kva relasjon Industriutvikling Vest har mot Osterøy. Brundtland peika på at det ikkje var noko formelt samarbeid, då «Nordhordland» har vore fokusområdet, men at dette er noko ein må sjå nærare på.</p> <p>Per Lerøy hadde nettopp hatt eit møte med Frank Mongstad AS. Dei saknar også fokus på samarbeid og utvikling internt innan næringslivet i Nordhordland. Det er i dag for mykje motførestellingar mellom Mongstad og resten av næringslivet i regionen. Utfordringa no med t.d. Johan Sverdrup, er å utvikla vidare det som skal skje på land, ikkje berre det som skjer med røyrløysingane. Dette bør skje gjennom eit felles prosjekt og tett samarbeid.</p>
<p>Sak 52/14</p>	<p>Folkehelseprosjekt for born og unge – søknad om midlar</p> <p>Saksutgreiing med forslag til vedtak var sendt ut saman med sakslista. Regionrådet fekk i førre møte presentert tankar om eit folkehelseprosjekt for barn og unge – retta mot førebygging og tidlege tiltak innan psykisk helse og rus.</p> <p>Prosjektplanen har no vore presentert for leiarane av oppvekstsektoren i kommunane i eit styremøte i Nordhordland kursregion. Styret har gitt tilslutning til at det vert arbeidd vidare med forprosjektet. Det same har fagråda innan helsefag i regionen.</p> <p>Mål for prosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ førebygging og tidlege tiltak innan psykisk helse og for born og unge ▪ utvikling av undervisningsopplegg basert på terapeutisk og pedagogisk kunnskap og erfaring ▪ auka kompetansen om psykisk helse og utvikling hos foreldre og tilsette i barnehagar og skular ▪ gje born og unge kunnskap og forståing om psykisk helse og rus ▪ samla relevane kompetansmiljø frå oppvekst og helse, klinikk og forskning, for å sikre tverrfagleg samarbeid på tvers av tenestnivåa <p>Politisk, administrativ og fagleg forankring er viktig for å gjennomføre forprosjektet, og ein ber Regionrådet gje si tilslutning til konseptet og kommunane si deltaking i forprosjektet. Gjennom utarbeiding av søknad om midlar til eit forprosjekt, vil problemstillingar og form for prosjektet bli nærare konkretisert.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ✚ Regionrådet sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med å utvikle eit folkehelseprosjekt innan psykisk helse og rus for born og unge. Med slik forankring vi ein kunne søkje om midlar til eit forprosjekt. ✚ Dersom prosjektet inneber organisatoriske endringar eller økonomiske plikter, skal dette forankrast i den enkelte kommune. ✚ For å sikre forankring hos samarbeidspartane ber Regionrådet om at prosjektet blir forankra i Samarbeidsutvalet for Nordhordland.

<p>Sak 53/14</p>	<p>Nordhordlandspakken AS – søknad om driftsmidler for 2015</p> <p>Saksutgreiing vedlagt søknad frå Nordhordlandspakken AS om driftsmidler for 2015, var sendt ut saman med sakslista med forslag til vedtak. NUI tilrår i saksutgreiinga at Regionrådet løyver 200 000,- frå kompensasjonsfondet til Nordhordlandspakken AS for drift av selskapet i 2015, og at dette vert betalt ut inneverande år.</p> <p>Vedtak:</p> <p>🚩 Regionrådet løyver 200 000,- frå kompensasjonsfondet til Nordhordlandspakken AS for drift av selskapet i 2015.</p>
<p>Sak 54/14</p>	<p>Orienteringssaker NUI</p> <p>Biosfæreprosjektet</p> <p>Knut Moe orienterte kort om at det tidlegare i veka hadde vore eit møte i styringsgruppa for prosjektet og at ein no snart er ferdig med søknaden om å verta kandidat. Det er viktig at kommunen handsamar dette i kommunestyra før jul.</p> <p>Nærings og samfunnsplan</p> <p>Det er omlag 30 personar påmeldt på arbeidsmøtet (workshop) på Westland fyrstkommande måndag. Alle kommunane er representert. Heradstveit understreka at prosjektet er vedteke av Regionrådet, og at det er viktig at kommunane har fokus på det.</p> <p>Regionalt helsehus</p> <p>Rune Heradstveit hadde ein grundig gjennomgang av status for arbeidet med helsehuset, og spesielt om forhandlingane som har vore med vegvesenet om kjøp av tomta som dei eig, Kvassnesvegen 40. Heradstveit viste til tidlegare informasjon som Regionrådet har fått om prosessen og samtalanane med vegvesenet. Det har vore tøffe forhandlingar, ikkje minst når det gjeld pris, men NUI meiner no ein er kome fram til eit nivå me kan akseptera ut i frå ulike forhold.</p> <p>Status er no:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Anbudsfrist på prosjektleiing (PL) for bygget gjekk ut 24. oktober. No føregår kvalitetssikring og evaluering. Ein reknar med å skriva kontrakt med PL 1. desember ▪ Selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS er til handsaming i kommunestyrene, og vil vera gjennomført i løpet av november ▪ Stiftingsmøte for nytt selskap er planlagt 12. desember. ▪ Lån vert lagt ut på DOFFIN no i november <p>Når det gjeld sjølve byggeprosjektet er tentativ plan i slik (men dette er ein levande plan – og kan bli justert noko når PL er på plass):</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ 15.01.2015: Utarbeida konkurransegrunnlag arkitekt (ark) og rådgjevande ing (RI). ▪ 15.01.2015: Utlysa anbod på DOFFIN for ark og RI ▪ 01.03.2015: Anbudsfrist ▪ 01.04.2015: Evaluering og kontrahering av ark + RI ▪ 01.06.2015: Diverse brukarmøte er gjennomført fyrste halvår med tanke på prosjektering ▪ 01.11.2015: Rammesøknad godkjent i Lindås kommune) ▪ 30.11.2015: Prosjektering ferdig ▪ 10.11.2015: Utsending anbod bygg ▪ 20.12.2015: Ferdig rydda tomt (riving m.v.) ▪ 31.01.2015: Anbudsfrist ▪ 15.03.2016: Evaluering og kontrahering av Totalentreprenør ▪ 15.04.2016: Beslutning om oppstart ▪ 15.05.2016: Oppstart byggeplass ▪ 15.02.2018: Bygg ferdig til innflytting ▪ 01.04.2018: Testing / byggherreleveranser ▪ 30.09.2018: Slutføring utomhus

	<p>Ein vil snart koma tilbake til organisering av prosjekt med styringsgruppe, prosjektgruppe, arbeidsgrupper m.v. Leigetakarar og brukargrupper vil bli involvert i dette. Korleis eventuelt AMU og tillitsvalte vert involvert, kjem ein tilbake til, men her vil både Lindås kommune og Helse Bergen HF gå inn som vanlege leigetakarar, så dette er noko dei også må vurdere i sine interne prosessar framover.</p> <p>Byggherre vil gjennom styringsgruppe, tildelt prosjektleiing og anna kvalitetssikring fylgja opp at dei økonomiske rammene m.m. vert halde i prosjektet.</p> <p>NUI skal neste veke ha eit møte med administrativ leiing i Lindås kommune for å drøfta – og gje signal om vegen vidare når det gjeld utvikling av tenester, samarbeid med Helse Bergen HF romprogram og generelt Lindås sin plass i arbeidet.</p> <p>NUI vil sjå nærare på korleis rapportering tilbake til kommunane skal skje. Den formelle vegen frå NUI er til styret og Regionrådet og så må ordførarar informera kommunestyra og rådmenne administrasjonen. NUI vil imidlertid leggja ut ein del informasjon på nettsida, og elles sjå nærare på korleis rapportering skal skje.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ✚ Regionrådet sluttar seg til at NUI inngår endeleg intensjonsavtale om kjøp av tomta til den prisen ein har forhandla seg fram til.
<p>Sak 55/14</p>	<p>Status utval Ikkje noko nytt å melda.</p>
<p>Sak 56/14</p>	<p>Kommunereforma. Vegen vidare i Regionrådet</p> <p>NUI hadde i forkant sendt ut ein del spørsmål til ordførarane og bedt om at dei orienterte og svarta på desse i møtet.</p> <p>Det vart så ei tilbakemelding om status frå kvar enkelt kommune. Generelt ser det ut til at kommunane formelt er kome nokså like langt i prosessen, men nokon har utad vore tydelegare enn andre. Alle kommunar har sett kommunereforma på dagsorden – også Modalen som fyrst sa nei. Dei fleste kommunar har hatt eller skal ha temamøte i kommunestyret med fylkesmannen og eventuelt KS. Dei fleste har også gjort ei fyrste forankring i kommunestyret. I fleire kommunar har ein oppretta eit forhandlingsutval, medan nokon har dette på gong. Kommunane meinte at slik situasjonen er i no, har ikkje Regionrådet noko sentral rolle i arbeidet utover å vera ein informasjonsplass. Så får tida visa, om dette kan endra seg.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Osterøy: Har tidlegare sagt nei til vidare utgreiing om samarbeid i Nordhordland. Dei har hatt felles formannskapsmøte med Samnanger og Vaksdal og vil sjå nærare på eit samarbeid med desse, og det å knekka av Arna i dette. Det vil og vera dialog med Bergen kommune. Det kan vera ting i studiearbeidet som kan vera aktuelt for Osterøy å samarbeida vidare med i Regionrådet. ▪ Modalen: Har no hatt temamøte i kommunestyret, og med nytt og oppdatert bilete ynskjer kommunestyret å utgreia vidare. Det er oppretta eit forhandlingsutval, og ein skal no diskutera retning, og kven ein eventuelt skal snakka med. ▪ Gulen: Fylkesmannen i Sogn og fjordane har teke styring i fylket, og har gjennom møte med Regionråda, sett frist til 31. januar med å koma tilbake med kven ein vil samtala med. Gjennom arbeidsmøte i formannskapet er ordførar pålagt å utgreia mot Nordhordland, og Solund og Høyanger. Solund har og eit vedtak som går på utgreiing mot sør. ▪ Masfjorden: Har hatt temamøte med Sponheim og er starta med diskusjonar i formannskap. Skal setja ned eit forhandlingsutval. ▪ Austrheim: Vil vurdere ulike alternativ, også eigen kommune. Ordførarar peika på at det

	<p>for kommunane i nord, er naturleg å sjå på eventuelle grensejusteringar.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Lindås: Kommunen ynskjer ikkje fleire utgreiingar, men å koma i gang med vidare arbeid. Dei er opne for samarbeid med alle. ▪ Fedje: Er i ein positiv dialog med fylkesmannen om temamøte. Er også med i eit samarbeid med andre øykommunar som går parallelt med det som føregår regionalt. Ønskjer å få litt fakta herifrå før ein trekk dei store linjene. ▪ Meland: Hadde møte med Sponheim sist måndag. Har drøfta både storkommune, og alternativ saman med Lindås og Radøy. Det er no også kome fram eit ynskje om å ha ein dialog med Bergen kommune. Oslomodellen har gjort dette meir aktuelt, nokre store bykommunar vil få tilført større oppgåver. Hadde tenkt vedtak i november om fusjonssamtalar i nord, men venter no til desember. ▪ Radøy: Har hatt to møte, eit med fylkesmannen og eit møte med KS. <p>Elles vart dette drøfta:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ at rådmennene bør koma saman og laga felles utgreiing. ▪ NUI sit på skjønsmidlar. Korleis bruka midlane? Skal midlane fordelast eller ikkje? Skal eventuelt noko vera igjen i NUI til disposisjon for Regionrådet? ▪ Diskusjon om Nordhordlandsting og eller Regionråd – vedr. kommunestruktur. ▪ Studietur til Finland i – følgje same opplegg som KS i Rogaland - det vart bestemt at ein vil reise til Finland – første halvdel i februar <p>Oppsummering:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ NUI legg fram forslag til fordeling av pengane til neste RR. ▪ Regionrådet har inntil vidare ikkje ein posisjon i arbeidet. ▪ Til å bl.a. å jobba med innhaldet på Nordhordlandstinget, kallar NUI inn strategigruppa som vart nedsett i Regionrådet for å ha fokus på kommunereforma ▪ NUI jobbar vidare med opplegg for studietur
Sak 57/14	Meldingar og eventuelt
	<p>Plan for næring og samfunnsutvikling og omdømmeprojektet.</p> <p>Jon Askeland refererte til prosjekta og til at spørsmål om ressursar på regionnivå kontra i kommunane er tema i begge prosessane – og til dels også har vore det tidlegare. Han spurte kva Austrheim og Lindås tenkjer vidare om felles nærings- og samfunnsutviklar. Astrid Aarhus Byrknes sa at dei var byrja å drøfta dette i styringsgruppa for prosjektet. Dei ynskjer uansett at denne skal ha stor fokus på Mongstad. Prosjektet går ut 2015.</p>
	<p>Neste møte:</p> <p>Fredag 12. desember, kombinert med møte i Representantskapet.</p>

Knarvik, 12. november 2014



Jon Askeland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Sak 49/14: Presentasjon – marint vern av Lurefjorden med Lindåsosane
- Sak 50/14 Fylkestannlegen – klinikkstrukturplan - tannhelsetjenesten i Hordaland 2015-2030
- Sak 51/14 Industriutvikling Vest – presentasjon Inkubatoren